



Arkivsak

26/08379-1

Sakshandsamar

Jon Steinar Tufte

Saksgang

Hovedutvalg for samferdsel

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og
frivillighet

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

21.04.2026

22.04.2026

22.04.2026

23.04.2026

29.04.2026

06.05.2026

Fylkessenteret i Seljord – målsetjing og ambisjonsnivå

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Fylkessenteret skal være eit kontorfellesskap, like med Telemarkshuset, med nærvær i øvre Telemark, som mellom anna reduserer reiseveg for tilsetje.
2. Fylkessenteret i Seljord skal fungere som ein sentral møteplass for fylkeskommunal møteaktivitet (politisk/administrativt).
3. Senteret kan på sikt utgjere ein del av beredskapen frå fylkeskommunen ved at spreiding av arbeidsplassar og tenester gir større samfunnsrobustheit, til dømes ved kriser eller hendingar som rammar Telemarkshuset.
4. Det skal til kvar tid vere minimum 20 tilsetje med fast arbeidsstad ved senteret.
5. Så lenge det er ledige kontorplassar ved senteret, skal det ved utlysingar av stillingar i fylkeskommunen vurderast om arbeidsstad kan vere i Seljord, eller ein kombinasjon mellom Telemarkshuset og fylkessenteret.

Bakgrunn og saksgang

I FT-sak 96/23 vart følgjande vedtekne:

- 1. Fylkestinget meiner det er rett å sjå an vidare utvikling ved fylkessenteret, før det blir teken stilling til disponering av areal og bygningar som i dag ikkje blir brukte av fylkessenteret. Bygningsmassen må sjåast i samanheng med ambisjonane til fylkestinget for fylkessenteret og målet om å få lokalisert statlege arbeidsplassar til ulike delar av fylket.*

2. Fylkestinget ber administrasjonen gå i dialog med Seljord kommune om mogleg framtidig bruk av bygningar og areal som i dag ikkje blir nytta av fylkessenteret.

3. Fylkestinget meiner det er fylkestinget i Telemark fylkeskommune som må ta stilling til framtidig bruk og disponering av dei bygningane og det arealet som i dag er ein del av fylkessenteret i Seljord.

4. Hageparsellen som eigedommen skal haldast i god hevd og nyttast til hagebruk/jordbruksformål.

I FT sak 158/24 vart følgjande vedtekne:

1. Bygning og nødvendig tomteareal til fylkessenteret med dagens parkering, blir frådelt og behalde i eget frå fylkeskommunen.

2. Annan eigedom og bygningsmasse på gbnr. 43/16 blir avhenda til Seljord kommune på bakgrunn av vilkår i vedlagde avtale.

Fylkesdirektøren har gjennomført avhending av annan eigedom og bygningsmasse til Seljord kommune og fremjar ei sak om vidare utvikling og ambisjonar ved fylkessenteret.

Saka blir lagd fram for alle hovudutval til uttale. Fylkesutvalet innstiller overfor fylkestinget som gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Gjeldande ambisjonar og målsetjingar ved fylkessenteret i Seljord vart vedteken av fylkestinget i Vestfold og Telemark fylkeskommune i sakene 170/20 og 182/21.

Målsetjinga med etableringa var å forsterke rolla som regional utviklingsaktør gjennom kunnskapsutvikling, tenesteutvikling, metode- og tiltaksutvikling og partnerskaps- og nettverksutvikling. Når fylkeskommune skal ha auka fokus på verdiskapande tiltak, handlar dette i stor grad om å setje ein kunnskapsbasert dagsorden, levere eigne kjernetenester med høgast mogleg kvalitet, utvikle regional samarbeidsmetodikk og partnerskaps- og nettverk. Ressursar skal omdisponerast for å mobilisere private og offentlege kompetanseressursar til å styrkje føresetnadene for auka verdiskaping, redusert utanforskap og reduserte klimautslepp.

Følgjande fordelar vart uttalte i saka:

- Tilgang for omliggjande kommunar og næringsdrivande til å nytte kompetansemiljø.
- Auka lokal og regional samhandling.
- Moglegheiter for å etablere spisskompetanse og fagleg breidde på viktige område.
- Knoppskyting for lokalt og regionalt næringsliv.
- Attraktive arbeidsplassar - reduserte transportkostnader for VTFK.
- Redusert reisetid og transport tilsette - kontormoglegheiter og kontorhotell.

Senteret vart i 2021/2022 bemanna gjennom ein kombinasjon av frivillige innplasseringar og sentral stillingsvurdering av arbeidsstad. Dette innebar at fylkessenteret vart vurdert som hovudarbeidsstad ved tilsetjingar då det vart lyst ut stillingar som normalt ville vorte lagde til fylkeshusa i Skien og Tønsberg.

Vidare var det sett mål om ei tverrfagleg samansetning med tilsette frå fleire sektorar og aktuelle fagområde var eksempelvis innan landbruk, internasjonalisering, konsesjonskraft, klima, stads utvikling, kulturarv, oppgåver innan kollektivtransport, utbygging og drift av fylkesvegar. Vidare vart det uttalt at samansettinga av fylkessenteret kunne bli utvikla over tid, men det skal vere minst 20 årsverk som har fylkessenteret som hovudarbeidsstad. I 2022 blei det tilset ein fylkessenterleiar. Leiarens oppgåver og ansvar er å drifte og utvikle senteret, sørge for intern samordning og kommunikasjon og å ha strategisk dialog og samarbeid med andre aktørar, spesielt i øvre Telemark.

Fylkessenteret vart offisielt opna i mars 2023. Per 01.03.2026 er det totalt 26 tilsette ved senteret. Desse fordeler seg som følger:

Sektor	Tal	Eining / fagavdeling
Økonomi og virksomhetsstyring	1	Eiendom
Utdanning, folkehelse og tannhelse	6	Kompetanse og integrering, skuleutvikling og folkehelse, privatisteksamen og tannhelse
Samferdsel	14	Driftskontrakt veg, prosjektstøtte, plan og bygging, elektro, asfalt, vegoppmerking og bru
Samfunnsutvikling	5	Klima, næring og innovasjon og den kulturelle skulesekken
Sum	26	

Dagens fylkessenter har gode utvidingsmoglegheiter. Fleire av kontora er bygde med demonterbar systemvegg, nettopp med tanke på moglegheit for utviding av kontorplassar. Fjernar ein desse veggene, får ein større rom og kan auke kapasiteten med åtte til ti kontorplassar, eller fleire mindre møterom. Bygget har toalettkapasitet til 40-45 personar og matsal med kapasitet til 30-35 personar. Kontorplassar har ikkje definerte krav til byte av klede/arbeidstøy/uniformer.

Fylkesdirektøren har vore i dialog med alle dei tilsette, hovudverneombodet, Seljord kommune, Vest-Telemarksrådet og USN for å få innspel til vidare utvikling av fylkessenteret. Innspela frå dei tilsette ligg vedlagt denne saka. Frå Seljord kommune og Vest-Telemarksrådet vart følgjande innspel gitt (samanfatta og tematisert):

Seljord kommune

- Det viktigaste er at det er etablert kompetansearbeidsplassar i distriktet.
- Saknar høgare politisk nærvær.
- Målsetjing om å trekkje nyutdanna tilbake til Vest-Telemark.

- Seljord kommune er oppteken av helse, utdanning og kompetanse – særleg retta inn mot helsefag.
- Ønskjer å halde oppe ambisjonen om å arbeide for statlege arbeidsplassar i Seljord.
- Kan senteret utviklast også innanfor næringsutvikling som til dømes næringshage eller kompetanse / læringssenter.

Vest-Telemarksrådet

- Det viktigaste er at det er etablert kompetansesarbeidsplassar i distriktet.
- Større faggrupper – er samansetninga av tilsette ved senteret optimal?
- Bra å ha eit kontorhotell for ad. hoc møte og faste arbeidsplassar.
- Ønske om auka politisk aktivitet på senteret.
- Bruke stillingsannonser aktivt til å rekruttere til fylkessenteret.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka omtaler ambisjonsnivået ved fylkessenteret i Seljord, og legg opp til at dette ikkje skal utfordre fylkeskommuneøkonomien i vesentleg grad. I ei tid der det er behov for vesentleg innsparing er det aktuelt å sjå på eit ambisjonsnivå, organisasjonsform og driftsmodell som bidreg til denne innsparinga.

Saka inneheld ingen juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Telemark fylkeskommunen skal styre etter FNs berekraftsmål for å løyse dei regionale samfunnsutfordringane. Fylkessenter i Seljord er med på å underbyggje berekraftsmål nummer 8 kor fylkeskommunen fremjar inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing, anstendig arbeid for alle og økt nærvær i heile fylket.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren har i arbeidet med vidare utvikling og ambisjonsnivå ved fylkessenteret i Seljord fått viktige og konstruktive bidrag frå tilsette, hovudverneombod og aktuelle kommunar i Vest-Telemark.

Etableringa av fylkessenteret i Seljord blir vurdert som ein vellykka prosess og senteret blir no betrakta som ein attraktiv arbeidsstad. Ein breitt samansett fagkombinasjon ved senteret sikrar stabiliteten på senteret på lang sikt, noko som vil verke positivt på dei langsiktige lokale effektane av etableringa. Tverrsektoriell representasjon gir moglegheiter for styrkt samarbeid på tvers og kompetanseoverføring mellom fagområda.

Ei samansett bemanning frå fleire sektorar gir større fleksibilitet ved senteret, derfor blir det foreslått at ved utlysing av stillingar skal det vurderast om arbeidsstad kan være Seljord (så lenge det er ledige kontorplassar ved senteret). Dette vil og auke tilgang til kvalifiserte søkjarar. Eit desentralisert senter med fylkeskommunale arbeidsplassar, bidreg til å halde oppe og styrkje busetjing, aktivitet og livskraft i distrikta. Fylkesdirektøren har ikkje teke imot nokon særskilde signal om desentralisering av statlege arbeidsplassar til Telemark, og ønskjer derfor

ikkje på noverande tidspunkt rette særskild merksemd på dette målet. I ei tid som er svært krevjande økonomisk, vil det vere andre oppgåver som måtte ha prioritet.

Samansetninga av bemanninga ved senteret ber preg av frivilligheit frå kvar enkelt tilsett og ei tvungen tilsetjings strategi, der alle nye stillingar i ein periode vart lyst ut med arbeidsstad i Seljord. Dette har resultert i at måla om ei tverrsektoriell fagsamansetning vart nådd. Det er vurderinga frå fylkesdirektøren at dette har gått ut over ein meir målretta stab som i større grad kunne jobba med dei samfunnsmessige sette måla som vart omtalte av fylkestinget. Det ligg føre per 2025/2026 ikkje tilstrekkelege økonomiske midlar til å setje saman eller skipa eit nytt regionalt team som skal jobbe målretta mot Vest-Telemark (og resten av fylket) ut over dei ressursane som i dag finst ved fylkessenteret og Telemarkshuset.

Alle tilsette ved senteret vil være organiserte i den ordinære linja i den til ein kvar tid gjeldande organisasjonsstrukturen (som i dag), og vil dermed forholde seg til sin nærmaste leder. Andre organisasjonstilpassingar som følgje av nye ambisjonsnivå for fylkessenteret vil bli gjennomført av fylkesdirektøren i tråd med gjeldande personalpolitikk.

Vedlegg:

Referat workshop ansatte ved fylkessenteret i Seljord 27.08.2025

SWOTanalyse Fylkessenteret i Seljord